



GULL AV GRUS-anlegget ligg midt i Uskedalen

I Hardangerfjordmagasinet som nyleg fann vegen til postkassane våre, er det ei fin dobbelside frå Uskedalen. På den eine sida er ein artikkel om det flotte aktivitetsanlegget som no vert bygt midt i bygda, GULL AV GRUS - gjer Uskedalen endå betre. På motsett side er det annonser frå 4 utbyggjarar i fin innraming.

Artikkelen er skriven av Thor Inge Døssland, og den er illustrert av Wermund Vetrhus si teikning av anlegget og eit flott drone-bilete som Espen Eik har teke.

Under overskrifta Peder med ein fin bukett er ein del prisvinnarar trekt fram. Her er både Br. Hjørnevåg og Uskedal båthamn nemnd. Det er elles ein god del Kvinnheradsstoff. Vi kan mellom anna lesa ein interessann artikkel om dei flinke skiskytarsøskena Martin og Ragnhild Feimsteinvik frå Hatlestrand. Dei har mor og familie frå Herøysundet. Aud Kristin Gausvik heitte mora den gongen ho spela kornett i Uskedal musikklag nokre sesongar på slutten av 1980-talet.

Elles kan vi lesa om Baroniet, Galeasen Gurine og ein del anna Kvinnheradsstoff. For fotballinteresserte er det ein artikkel om bømlingen og tidlegare Brann-spelar Geirmund Brendesæter. Magasinet har mange flotte bilete på fint glansa papir. Svært fint er det, men ei innvending kan vera at skrifta er liten, særleg for eldre folk.

Magasinet vert finansiert ved annonseinntekter, kjem i eit svært stort opplag og vert sendt ut gratis til husstandar i Sunnhordland og Hardanger.



Slik vert aktivitetsanlegget når det er ferdig.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Espen Eik
Illustrasjon: Wermund Vetthus